


Meir himmel på jorda

Årsmelding for TRUSOPPLÆRINGA 2020

LYS
VAKEN



STØRST AV ALT

KONF
IRM
AN
✱



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Finnøy

Trusopplæringsrapport 2020

Også trusopplæringa har vore prega av pandemien dette året. Nokre av dei årvisse tiltaka har vorte utsette eller avlyste, andre har vi klart å gjennomføre tilnærma som normalt eller med nokre tilpasningar. Som følge av pandemien, har vi òg gjennomført eit par nye tiltak. Heidi Bø Sangedal har dette året fungert som dagleg leiar. Endre Vastveit vikarierte i vår som trusopplærar på timebasis. Reidun Aabrekk Bråtveit vart tilsett i 50% vikariat som trusopplærar frå august dette året. Johanna W Hidle vart tilsett i 10% vikariat frå august til desember med det nyoppretta koret Sjernarøy Kantori som si arbeidsoppgåve. Ingvild og Simon Tønnesen har sidan august vore i praksis i barne- og ungdomsarbeidet vårt. Dei går på Bildøy Bibelskole og vekslar mellom å få undervisning der og å vere i praksis her. Hjø oss deltek dei i konfirmantarbeidet og på ulike tiltak i løpet av året.

TRUSOPPLÆRINGSUTVALET BESTÅR I ÅR AV Marianne Mjølhus (Sjernarøy sokn), Margunn Hovda (Talgje sokn), Kjetil Sevheim og Reidun Aabrekk Bråtveit (Hesby sokn). Turid Angelskår Lauvsnes går inn i staden for Reidun, sidan ho har gått over i stilling som trusopplærar. Det har ikkje vore møte i Trusopplæringsutvalet i 2020. Dette på grunn av den uavklarte situasjonen i trusopplærar-stillinga samt pandemien.

Trusopplærar har i år delteke på den digitale trusopplæringskonferansen. Dette gav inspirasjon og idèar til vidare arbeid.

Dåp

25 barn og unge er døypte i sokna det siste året. I statistikken inngår óg born som ikkje høyrer til sokna våre, men som er døypte her likevel. Vi får ikkje fødselsmelding frå det offentlege lenger, og difor veit vi heller ikkje det totale talet på fødde.

Babysang

Brenda Marie Talgø Kolstadløkken har hatt ansvaret for babysang dette året. Fem born har deltatt, alle tilhøyrande Hesby sokn. Dei har møttes annankvar torsdag på biblioteket dei gongane smittevernreglane har tillate det. Målgruppa for dette tiltaket er born i aldersgruppa 0-1 år. På grunn av restriksjonar og smitteverntiltak, er det vanskeleg å la eldre born delta. Tiltaket har difor vore forbeholdt dei aller yngste dette året.

Kveldsbøner

Alle born i alderen 1-3 år i Talgje og Sjernarøy sokn inviterast til hausttakke-gudsteneste for å motta ei bok eller liknande. I år møtte 11 frå Talgje sokn og 4 frå Sjernarøy. Dette utgjør 85% oppslutning for Talgje sokn og 40% for Sjernarøy sokn. Dette året fekk borna utdelt ein plakat med tekst til ein bønesong.

Samling for 2-åringar

Toåringane i Hesby sokn inviterast til ei samling i kyrkja og gudsteneste den påfølgande søndagen. I år var oppslutninga 50 %. Fem born kom og var med på samlinga og nokre av dei kom óg på gudstenesta.

4-årsbok

Alle 4-åringar i Talgje og Sjernarøy sokn og alle medlemmar og tilhøyrande i Hesby sokn inviterast til samling og gudsteneste med utdeling av barnebibel. Dette året kom 6 frå Talgje sokn, 3 frå Sjernarøy sokn og 5 frå Hesby sokn. Prosentvis utgjer dette 75% for Talgje sokn, 36% for Hesby sokn og 60% for Sjernarøy sokn.



Samling for 5-åringar

Grunna nasjonal nedstenging, fekk medlemmar og tilhøyrande femåringar i Hesby sokn i år tilsendt eit brev med forslag til lenkjer og aktivitetar på Internett samt ei aktivitetsbok. I alt 17 born mottok brev i postkassa.

I Sjernarøy og Talgje sokn vart tiltaket som vanleg gjennomført i samband med hausttakkefesten. Borna vart inviterte til ei samling i kyrkja/bedehuset og til gudstenesta. Oppslutninga var 4 frå Talgje sokn (67%) og 3 frå Sjernarøy sokn (33%).

Hausttakkefest

Invitasjon vart sendt ut til alle førsteklasingar i Hesby sokn, i alt 20 elevar. Halvparten deltok på gudstenesta. Der fekk dei utdelt «Bibelboka mi». Prest var også på skulebesøk i forkant.





Alle 1.-4.klassingar inviterast i sokna Sjernarøy og Talgje, tilsaman 70 barn dette året. Ca 45 born kom på arrangementa.

På Talgje vart borna óg inviterte til pyntegruppe og graut laurdagen før gudstenesta. Det er frivillege som tek initiativ og er med på dette tiltaket. Her fekk borna lage blomsterdekorasjonar som pynt til gudstenesta.

I år fekk førsteklassingane i Sjernarøy og Talgje sokn utdelt boka «Tre i eit tre».

2.-4.klassingane fekk boka «Skatten i Liljedalen».

Påskevandring

Påskevandringa på Nordre Vignes vart avlyst i år. Vanlegvis er andreklassingane spesielt inviterte til dette arrangementet. Som eit alternativ, sende vi SMS til foreldra med link til ein film om påska. Denne linken la vi óg ut på heimesida vår. Visningane seier at 230 personar er nådd, og at han er sett 80 gongar. Også medlemmar av andre sokn kan vere med i denne statistikken, og det er difor vanskeleg å oppgi oppslutning for dei ulike kyrkjelydane våre.

Tårnagent

Dette er eit tiltak for barn på 3. trinn. Tiltaket blei gjennomført som planlagt. 11 var med frå Hesby sokn og 1 frå Talgje. Vi inviterte til samling i kyrkja på laurdagen. Her løyste vi kryssord og las bibelvers for å finne kvar kyrkjeskattane (alterbibel, alterlysestakar, døypefat, nattverdiskalk og disk) var gøymde. På grunn av smitteverntiltak, vart ikkje heile kyrkjerommet brukt, men borna sat i benkane under heile arrangementet. Etter samlinga fekk borna utdelt boka «Skatten i Liljedalen», som jakta på kyrkjeskattane tek utgangspunkt i. Trusopplærar og studentar deltok i dette tiltaket.

På søndag deltok tårnagentane på gudstenesta. Nokre gjekk i prosesjon og bar inn kyrkjeskattane, andre las bøner. Born frå søndagsskulen deltok óg med tekstlesing. Trusopplærar øvde inn ein song til gudstenesta på førehand med nokre av jentene som var påmelde, pluss nokre jenter frå 2.trinn.

Bibel og Ball

På grunn av restriksjonar i forhold til smittevern, vart ikkje dette tiltaket gjennomført i år.

Bibeldagen

Dette er eit tiltak der alle i 5.klasse er invitert til ei gudsteneste der dei får nytestamentet «Godt Nytt». I samband med Bibeldagen var òg presten skulebesøk på Fogn, Finnøy, Ombo og Sjernarøy.

Bibeldagen i sokna vart gjennomført som normalt i 2020. Totalt 8 born frå Sjernarøy sokn og 7 born frå Talgje deltok på tiltaket. I Hesby sokn deltok 14 born. Dette utgjer for Sjernarøy sokn 114% (vi har 7 born i medlemslistene våre, og i tillegg kom eitt barn som ikkje er medlem), Talgje sokn 100% og Hesby sokn 50%.

Rotur

Roturen med årets 7. klasse vart utsett frå vårhalvåret til hausten. Då fekk 8.klassingane tilbod om rotur i kortversjon. Tidlegare år har dette arrangementet gått over to dagar med overnatting på Emmaus bedehus på Finnøy. I år starta turen på Nord-Hidle og enda med gudsteneste på Kyrkjøy. Det var 15 ungdommar med på arrangementet; 6 frå Hesby sokn, 3 frå Sjernarøy og 6 frå Talgje. Dette tiltaket er mykje basert på frivillighet, og i tillegg til 3 tilsette, var 7 frivillige med. Dei som er med på roturen, betaler 50,- kvar. Dette går til medlemsskap i Ung kirkesang under namnet Færingssongarane, og vi får ei økonomisk årleg støtte til dette tiltaket via medlemsskapet vårt der.



Sjernerøy kantori

Det har lenge vore ynskjeleg med eit kontinuerleg tiltak i Sjernerøy. Dette fekk vi til i år då Johanna W Hidle vart tilsett i ei 10 % stilling i hausthalvåret for å dirigere koret Sjernerøy Kantori. Åtte jenter og gutar i alderen 10-14 har vore med på øvingane og delteke på samtlege gudstenester og Me syng jula inn i Sjernerøy sokn denne hausten. Organist i Sjernerøy sokn har óg vore med. Koret har øvd inn salmar og ledd i liturgien til bruk under gudstenestene. Koret har hatt 12 øvingar.

Johanna var tilsett i stillinga ut desember. Det arbeidast med å finne nokon som kan fortsetje med kor eller anna kontinuerleg arbeid i Sjernerøyane.

Open Hall

Open Hall er eit tilbod for ungdomar på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Vi leiger Fleirbrukshallen på Judaberg. Her kan ungdomane spele ulike ballspel, handle i kiosken og høyre på ei kort andakt. Andakta er frivillig, men godt over halvparten er tilstade under andakta. Tiltaket arrangerast annankvar fredag. I vårhalvåret kunne tiltaket gjennomførast som normalt fram til nedstenginga i mars. I haust har vi hatt fem av åtte planlagde samlingar. Vi starta hausten med Open Hall for alle, men smitteverntiltak gjorde at vi reduserte tilbodet til kun ungdomsskuleelevar dei siste gongane.



Oppslutninga har vore jamnt god, med ca 50-60 deltakarar kvar gong. Vi samarbeider med KRIK, og antallet betalende medlemmer stemmer godt overeins med antall frammøtte. Vi sender liste på deltakarar til KRIK sentralt, og KRIK sender rekning til kvar enkelt for medlemsskap i KRIK. Alternativt kan deltakarane betale 20,- kvar gong dei er innom. Økonomisk har Open Hall ein eigen konto som dekker leigeutgifter. Pengar kjem frå KRIK som mottek kulturmidlar og frifondmidlar. Sokneråda har også ofring som går til Open Hall og vi ber om støtte når vi treng det. Trusopplærar eller ein ansvarleg frå komitéen er med kvar gong i tillegg til 5-6 foreldre. I komitéen for Open Hall sit Tor Øyvind Skeiseid, Endre Vastveit, Magne Landa Eggebø, Olav Reilstad, Jostein Østhus og Reidun Aabrekk Bråtveit.

Stall på Judaberg

Dette er eit nyoppretta tiltak dette året. På grunn av Covid-19 og restriksjonar dette førte til, valde vi i år å setje opp ein stall på Judaberg ein laurdag ettermiddag i adventstida. Dette var ein del av Ryfylke Livsgnist og handelsstanden i sentrum sitt arrangement «Jul på Finnøy». Born frå Hesby sokn deltok, utkleddde som karakterane frå juleevangeliet. Vi fekk óg låne esel frå Fiolen Familiepark på Talgje, og om lag 20-30 born kom bortom og såg på stallen.



Julevandring med barnehagen

I år vart det til saman fire julevandringar for barnehageborna; ei i Fogn kyrkje, ei i Talgje kyrkje og to i Hesby kyrkje. Tidlegare år har vi hatt fleire samlingar i Hesby, men både Hagatoppen og Hesby barnehage takka nei i år på grunn av Covid-19.

På alle samlingane hadde vi dramatisering av juleevangeliet der borna fekk tildelt ulike roller. Borna fekk óg sjå seg om i kyrkja. Tilsaman deltok fire tilsette og to frivillege på dette tiltaket.



Skulegudstenester

Dette året vart det skulegudstenester knytta til oppvekstsentra på Fogn, Ombo og Sjernarøy. Sentralskulen valde å takke nei grunna dei gjeldande restriksjonane i høve smittevern.

Konfirmasjon

25 ungdomar vart konfirmerte i sokna i år; 15 i Hesby, 8 i Talgje og 2 i Sjernarøy.



Sokneprestane har leia konfirmantarbeidet. Det er stabilt gode konfirmasjonstal i alle sokna. Det er normalt sykkel- og turgruppe, undervisning på Bethel, heimegrupper og weekend til Furutangen.



Trusopplærer har leia arbeidet med tre/fire konfirmantgrupper som har hatt tema om etiske dilemma knytt til det å ta egne val i samband med tematikken om rus og seksualitet. Vi har hatt to samlinger i haust og skal ha to samlinger til våren. Vi er ei leiargruppe på totalt seks personar der trusopplærer, prest, praksiselevar og frivillege er med.



Ungdomsalpha

Dette er eit Alphakurs for 10.klassingane. Tiltaket gjennomførast i samarbeid med Normisjon og drivast i prinsippet av frivillege. Dei samlast til 10 kveldar med undervisning på Emmaus og ein weekend. I år var dei 11 deltakarar, 8 frå Hesby og 3 frå Talgje. Vi får litt økonomisk støtte frå Kristeleg Studieforbund til dette tiltaket. Det er ei påmeldingsavgift på kr 100,- og weekend kr 500,- pr deltakar. I år fekk alle deltakarane Kvardagsbibelen i gåve.